



## Notat

Dato: 12.06.2014  
Arkivsak: 2014/989-9  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet, samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Haukanesberget - spørsmål om tilleggsarbeid

På møte i fylkesutvalet den 20. mai 2014 stilte representanten Benthe Bondhus slikt spørsmål.

*Ekstraordinære midlar for å styrka trafikktryggleiken ved prosjekt Haukanesberget, Granvin kommune. Utfordring; vegstrek på ca 70 m gjenstår for å gjera prosjektet tryggare i overgangen mellom ny tunnel og den eksisterande vegen.*

*Korleis kan ein løysa den utfordringa?*

I møte i samferdselsutvalet den 4. juni 2014 stilte representanten Jostein Ljones tilsvarende spørsmål. Statens vegvesen fekk då i oppdrag å vurdere spørsmålet.

I brev frå Statens vegvesen av 6. juni 2014 heiter det:

Arbeidet med utbetring av rasstrekninga forbi Haukanesberget er i full gang. Innslaget og arbeidet med tunnelen går frå Folkedal mot Haukanes. Ved utbetring av rasstrekninga vil den nye tunnelen og tilknyttingsvegane til dagens veg bli tilpassa og avslutta på ein trafikkisikker best mogeleg måte. Vi vil likevel få eit standardsprang mellom gamal og ny veg uansett kor nye-vegen vert avslutta.

Vi reknar med at spørsmålet som er stilt er knytta til ei strekning på ca 100 m på Folkedalsida. Denne delen ligg utanfor den godkjente reguleringsplanen for prosjektet og inngår dermed ikkje i dette rasutbetningsprosjektet.

Vi er samd i at standarden på mange strekningar på fv 7 oppfyller ikkje dagens krav til vegstandard. Men slik er det og på mange andre fylkesveggar i Hordaland.

Dersom det skal gjerast tiltak på Folkedal må det sjåast på som eit eige trafikkisikrings/utbetringstiltak. Det må truleg utarbeidast ein reguleringsplan for tiltaket. Men dette tiltaket ligg ikkje inne i gjeldande Handlingsprogram for Regional transportplan

Hordaland 2013 – 2024 og det er førebels ikkje budsjettmidlar til tiltaket. Dersom vi skal utbetre denne strekninga på kort sikt, må nokre andre tiltak gå ut. Vi vil ikkje rå til dette.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen sluttar seg til synspunktet frå Statens vegvesen om at dersom det skal gjerast tiltak på Folkedal-sida av Haukanestunnelen utover det som ligg i dei vedtekne planane, så må ein sjå på dette som eit eige trafikksikrings-/utbetringstiltak, og koma tilbake til det i budsjettsamanheng. Fylkesrådmannen syner til at Statens vegvesen vil syta for at overgangen mellom ny og gamal veg vil bli tilrettelagt på ein trafikksikker best mogeleg måte. Fylkesrådmannen legg med det til grunn at trafikktryggleiken vert ivareteken.